



RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SAKER OM MOGLEGE BROT PÅ ANERKJENDE FORSKINGSETISKE NORMER

Fastsett av styret ved NHH 12.12.2019 og styret i SNF 17.12.2019, i samsvar med lov om organisering av forskningsetisk arbeid (forskningsetikkloven) § 6 tredje ledd.

§ 1. Føremål og verkeområde

Forsking ved Noregs Handelshøgskole (NHH) og Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF) skal skje i samsvar med anerkjende forskningsetiske normer i Noreg innanfor institusjonanes fagområde, samt eventuelle andre land forskinga vert gjennomført i.

NHH/SNF skal handsama alle saker om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer ved eigen institusjon. Ein føresetnad for handsaming er at tilhøvet mistanken gjeld:

- kan knytast til vitskapeleg verksemd ved NHH/SNF, eller
- involverer eller gjeld éin eller fleire tilsette, kandidatar eller andre forskarar knytt til NHH/SNF

Handsaminga av saker om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer skal skje proporsjonalt og i samsvar med god forvaltningsskikk. Med ei proporsjonal tilnærming meinast det at sakene skal søkjast løyst på eit så lågt nivå som mogleg og at saksutgreiinga skal tilpassast alvoret i meldinga. Vidare skal NHH og SNF sikra partanes rett til motseiing (kontradiksjon) i alle ledd av saka.

Saker som gjeld eksamen, prøver eller tilsvarande i fulltidsstudia eller opplæringsdelen av ph.d.-programmet fell utanfor verkeområdet for desse retningslinene og skal handsamast av seksjon for eksamen og eventuelt klagenemnda ved NHH i samsvar med universitets- og høyskoleloven (uhl.) og forskrift om fulltidsstudiene ved Norges Handelshøgskole.

§ 2. Definisjonar

Med *anerkjende forskningsetiske normer* meinast skrivne og uskrivne føringar som gjer seg gjeldande for vitskapeleg arbeid innanfor det aktuelle fagfeltet. Normene skildrar god vitskapeleg praksis og kjem mellom anna fram i retningslinene laga av De nasjonale Forskingsetiske komiteene.¹

Brot på anerkjende forskningsetiske normer kan mellom anna vera:

- Manglande kreditering av medforfattarskap
- Gåveforfattarskap
- Manglande sitering
- Gåvesitering
- Kopiering med manglande kontroll av kjeldetilvisingar
- Manglande informasjon om kvaliteten på datasett og resultat
- Selektiv/tilpassa kjeldebruk

¹ <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>

- Forfalsking
- Fabrikking
- Plagiering

Eventuelle brot kan variera frå dei minst alvorlege til tillitsbrot som er eigna til å svekkja forskarar og institusjonens tillit.

Med ei *vitskapleg ureieleg handling* meinast eit alvorleg brot på ein eller fleire anerkjende forskningsetiske normer. Det er vidare ein føresetnad at handlinga har skjedd med forsett eller grov aktløyse under planlegginga, gjennomføringa eller rapporteringa av forskning. Med alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer meinast særskild:

- Forfalsking
- Fabrikking
- Plagiering

Med *Reielegheitsutvalet* meinast her institusjonens fremste rådgjevande organ i spørsmål om det ligg føre brot på anerkjende forskningsetiske normer, jf. forskningsetikkloven § 6. Reielegheitsutvalets verksemd er nærare definert under desse retningslinenes § 10.

Med *Granskingsutvalet* meinast her det nasjonale utvalet som er utpeika av departementet etter forskningsetikkloven § 7. Granskingsutvalet er klageorgan for saker der Reielegheitsutvalet har konkludert med at ein forskar har handla vitskapleg ureieleg.

§ 3. Opplæring

NHH og SNF skal syta for at tilsette og kandidatar har tilstrekkeleg kunnskap om dei anerkjende forskningsetiske normene som gjer seg gjeldane for den aktuelle forskingsdisiplinen. Prorektor for forskning ved NHH og administrerande direktør ved SNF har eit særskild ansvar for å sjå til at tilbodet om opplæring i forskningsetikk er adekvat og at det er eit system for oppfølging av kandidatar og eigne tilsette. Dette ansvaret gjeld særskild for nyttilsette og eksterne personar som utfører eller deltek i forskinga. Som utgangspunkt skal opplæringsbehovet dekkjast gjennom eit regelmessig kurstilbod.

I tillegg til ansvaret NHH og SNF har for å tilby adekvat opplæring, har kandidatar og tilsette som utøver forskning eit sjølvstendig ansvar for å tileigna seg kunnskap, og delta i opplæring, når dette er naudsynt.

§ 4. Oppfølging av melding

Mistanke om brot på anerkjende forskningsetiske normer skal som hovudregel meldast skriftleg med grunngjeving til instituttleiar/administrerande direktør SNF. NHH/SNF er ansvarleg for å stilla til rådvelde eit effektivt meldesystem. Unntaksvis kan melding skje munnleg. Meldinga må då, utan ugrunna opphald, førast ned av mottakaren.

Alle meldingar som gjeld mistanke om brot på anerkjende forskningsetiske normer skal arkiverast, og instituttleiar/administrerande direktør SNF skal basert på meldinga ta stilling til korleis saka skal greiast ut. Basert på utgreiinga avgjer instituttleiar/administrerande direktør SNF, eventuelt i samråd med sekretariatet i Reielegheitsutvalet, om det er ei sak som må handsamast av Reielegheitsutvalet, jf. §§ 8-10 eller om saka kan løysast lokalt, jf. § 7.

Det aktuelle instituttet/SNF har ansvar for å følgja opp ein kvar mistanke om brot på anerkjende forskningsetiske normer på ein grundig og forsvarleg måte. Der det er opning for dette, skal sakene som utgangspunkt løysast på lågast mogleg nivå.

NHH/SNF pliktar å ha overordna rutinar for operativ handtering av saker som gjeld brot på anerkjende forskingsetiske normer, irekna beredskap.

§ 5. Saksutgreiing ved institutta og SNF

Som hovudregel er instituttet/SNF sjølv ansvarleg for å opplysa saka så godt som mogleg, jf. prinsippa i forvaltningsloven kapittel IV og V. Utgreiinga kan, viss ynskjeleg, skje i samråd med sekretariatet for Reielegheitsutvalet, men det er instituttleiar/administrerande direktør SNF som er ansvarleg.

Saksførebuinga skjer anten ved at instituttet/SNF peikar ut eit fast utval som skal greia ut saker knytt til mistanke om brot på anerkjende forskingsetiske normer, eller ved at det vert peika ut eit ad hoc-utval som skal vurderer den einskilde saka. Samansetjinga av eit ad hoc-utval skal vera skjønsmessig basert på art og omfang. Det skal gjerast ei vurdering av medlemmanes habilitet etter forvaltningsloven § 6. I saker som gjeld tverrfagleg arbeid kan instituttet/SNF peika ut medlemmar frå andre institutt/SNF.

Instituttet/SNF skal i si utgreiing kartleggja faktum, partanes påstandar og dei forskingsetiske problemstillingane i saka. Kartlegginga skal skje på ein måte som sikrar kravet til at prosessen kan etterprøvast (notoritet), kontradiksjon og arkivering.

§ 6. Avgjerdsrett til å leggja vekk ei sak

Viss saksutgreiinga syner at det klart ikkje er grunnlag for å gå vidare med mistankane, kan instituttleiar/administrerande direktør SNF leggja vekk saka. Ein føresetnad for at ei sak skal kunne leggjast vekk er at ho er tilstrekkeleg opplyst før avgjersla vert teken.

Avgjersla frå instituttleiar/administrerande direktør SNF skal vera skriftleg og grunngjeven, med ein gjennomgang av kva undersøkingar som er gjort i saka. Avgjersla skal gå til partane i saka og sekretariatet i Reielegheitsutvalet saman med underlagsmateriale.

Avgjersla om å leggja vekk ei sak kan klagast på av partar i saka. Reielegheitsutvalet pliktar å ta stilling til saka i møte dersom ein part har klaga.

Sjølv om det ikkje er klaga på avgjersla om å avvise ei sak kan Reielegheitsutvalet på eige initiativ ta saka opp til eiga handsaming viss minimum éin av medlemmane meiner det ligg føre tungtvegande grunnar som tilseier at det ikkje er grunnlag for å leggja vekk saka. Slik oppfrisking må skje seinast innan seks månadar etter at rapporten er motteken.

§ 7. Prosedyre for andre saker om brot på anerkjende forskingsetiske normer som ikkje utgjer ei vitskapleg ureieleg handling

Meldingar om mistanke om brot på anerkjende forskingsetiske normer som ikkje utgjer ei vitskapleg ureieleg handling skal handsamast i samsvar med føringane gitt i §§ 4 og 5.

Viss instituttleiaren/administrerande direktør SNF finn det forsvarleg, kan saka løysast minneleg mellom partane. Forslag til slik løysing skal eventuelt utarbeidast eller godkjennast av instituttet/SNF. Viss partane ikkje kjem til semje om ei minneleg løysing, eller instituttleiaren/administrerande direktør SNF ikkje finn løysinga forsvarleg, skal saka handsamast av Reielegheitsutvalet.

Når instituttet/SNF har avslutta ei sak, anten ved å leggja ho vekk eller ved at partane har kome fram til ei minneleg løysing, skal det sendast ein grunngjeven rapport til sekretariatet i Reielegheitsutvalet seinast fire veker etter at saka er avslutta. Reielegheitsutvalet kan på eige initiativ ta saka opp til eiga handsaming viss minimum éin av medlemmane meiner det ligg føre tungtvegande grunnar som tilseier at den minnelege løysinga ikkje er forsvarleg. Slik oppfrisking må skje seinast innan seks månadar etter at rapporten er motteken.

§ 8. Prosedyre for saker om vitenskapleg ureieleg handling

Saker som gjeld mistanke om vitenskapelig ureieleg handling skal alltid handsamast av Reielegheitsutvalet, basert på utgreiinga som er gjort av instituttet/SNF, og i samsvar med føringane gitt for slik handsaming i §§ 4 og 5. Sak som er lagt vekk etter § 6 fyrste og andre ledd skal likevel ikkje handsamast, med mindre det ligg føre klage etter § 6 tredje ledd eller ho er teken oppatt etter § 6 fjerde ledd.

Når ei sak er ferdig handsama i Reielegheitsutvalet, skal utvalet leggja fram ei grunngjeven fråsegn som tek stilling til:

- om forskaren/kandidaten har handla vitenskapleg ureieleg eller ikkje,
- om det gjer seg gjeldande systemfeil ved institusjonen, og
- om det vitenskaplege arbeidet bør rettast eller trekkjast attende

Viss utvalet kjem til at forskaren/kandidaten ikkje har handla vitenskapleg ureieleg, skal avgjerla adressera om vedkomande likevel har handla klanderverdig eller på ein måte som kan seiast å vera diskutabel. Døme på dette kan typisk vera saker som utgjer brot på anerkjende forskningsetiske normer etter § 7, men som ikkje utgjer ei vitenskapleg ureieleg handling, og saker der kravet til subjektiv skuld ikkje er oppfylt.

I det tilfellet at Reielegheitsutvalet har kome til at det er handla på ein måte som kan kategoriserast som vitenskapleg ureieleg, skal utvalet orientera vedkomandes næraste leiar og gje råd om tiltak som bør følgja av utvalets vurdering. Slike tiltak kan til dømes vera å:

- setja i verk personalkonsekvensar som avskil, oppseiing, suspensjon eller ordensstraff etter uhl. § 11-3, jf. statsansatteloven kap. 3
- retta opplysingane om forfattarar
- rapportera saka til tilsynsmyndigheiter
- melda eventuelle strafflagde handlingar til politiet

Fråsegna skal meldast til partane, det aktuelle institutt/SNF og andre som har ei rettmessig interesse i å få informasjon om resultatet for vidare handsaming og vurdering av konsekvensar.

§ 9. Samansetjinga av Reielegheitsutvalet

Reielegheitsutvalet skal vera sett saman av medlemmar som samla har kompetanse innan forskning, forskningsetikk og juss. Utvalet skal bestå av:

- Prorektor for forskning ved NHH (leiar)
- Vitenskapleg tilsett utpeika av SNF
- Vitenskapleg tilsett utpeika av NHH
- Jurist ved NHH
- Ekstern representant utpeika av NHH

Juristen og den eksterne medlemmen skal ha ein personleg(e) vara(ar). I tillegg skal det utpeikast to vara-medlemmar i nummerert rekkjefølgje for dei andre medlemmane.

Medlemmane og vara-medlemmane vert peika ut av rektor ved NHH og administrerande direktør ved SNF. Medlemmane vert peika ut for fire år. Om naudsynt for å sikra kontinuitet i utvalet, kan medlemmar peikast ut for ei kortare periode.

Forskningsadministrativ avdeling ved NHH utfører sekretariatsfunksjonen for utvalet. Sekretariatet vert leia av juristen.

§ 10. Mandat for Reielegheitsutvalet

Reielegheitsutvalet skal handsama saker som gjeld mistanke om brot på anerkjende forskningsetiske normer. Arbeidet i utvalet er omfatta av forvaltningslovens reglar, inn under dette òg teieplikt. Det skal særskild gjerast ei vurdering av habilitet for kvar einskild sak.

Reielegheitsutvalet skal primært handsama saker som gjeld moglege alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer. Utvalet kan òg etterprøva instituttets/SNFs vurderingar, medrekna utfallet i ei minneleg løysing mellom partane, når sakene vert avslutta på instituttnivå/SNF, jf. §§ 6 og 7. Ein føresetnad for slik overprøving er at minimum éin av medlemmane meiner det ligg føre tungtvegande grunnar.

Utvalet står òg fritt til å senda ei eksisterande sak attende til instituttet/SNF for vidare utgreiing. I særskilde tilfelle kan utvalet, viss ein finn dette naudsynt, sjølv innhenta informasjon i saka. Tilsvarande kan Reielegheitsutvalet reisa sak på eige initiativ, og påleggja instituttet/SNF å greia ut saka.

Reielegheitsutvalet pliktar å ta stilling til realitetane i alle saker som vert fremja for utvalet. Fråsegna skal vera skriftleg og konkludera på om utvalet meiner det ligg føre eit brot på anerkjende forskningsetiske normer eller ikkje. Grunngevinga skal vera utfyllande og av eit slikt omfang at NHH/SNF kan ta saka vidare med tanke på eventuelle vidare konsekvensar, jf. § 13. For saker som gjeld mogleg vitskapleg ureieleg handling kjem i tillegg føringane i § 8.

Utvalet er vedtaksført når minimum 2/3, og minst tre, medlemmar er til stades. Det er ein føresetnad at desse samla har kompetanse innan forskning, forskningsetikk og juss for at det skal vera vedtaksført. Utvalet kan konkludera med at det ligg føre brot på anerkjende forskningsetiske normer når det er minimum 2/3-fleirtal blant dei møtande medlemmane.

Der utvalet finn det naturleg kan det undersøkja og koma med innspel til korleis saker knytt til moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer vert handsama ved NHH/SNF, medrekna tiltak etter § 14.

Utvalet skal møtast når det har kome opp saker. Det skal likevel minimum haldast møte ein gong i året.

Utvalet skal leggja fram årsmelding for styra i NHH og SNF om saker og aktivitet det føregåande året. Årsrapporten skal òg sendast til Granskingsutvalet.

§ 11. Bruk av sakkunnige

Instituttet/SNF og Reielegheitsutvalet skal som hovudregel greia ut, vurderer og avgjera saker på eigenhand. Viss særskilde grunnar tilseier det kan eksterne sakkunnige takast med som rådgjevarar.

Sakkunnige rådgjevarar har ikkje røysterett når saker skal avgjerast i Reielegheitsutvalet, men er underlagt forvaltningslovas reglar om habilitet, teieplikt etc. Eksterne sakkunnige skal signera på skriftleg erklæring om teieplikt *før* det vert gitt informasjon om innhaldet i saka etc.

§ 12. Klagerett og rapportering til Granskingsutvalet

Fråsegner som konkluderer med at ein forskar har handla vitskapleg ureieleg, kan klagast på til Granskingsutvalet av forskaren.

Reielegheitsutvalet rapporterer fortløpande saker om moglege alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer til Granskingsutvalet etter kvart som sakene er avslutta.

§ 13. Vidare konsekvensar

Instituttet/SNF pliktar å ta stilling til eventuelle vidare konsekvensar for ein kandidat eller forskar som står bak ei handling som Reielegheitsutvalet eller Granskingsutvalet har konkludert med at utgjer eit brot på anerkjende forskningsetiske normer. Det same gjer seg gjeldande i det tilfellet at partane har kome fram til ei minneleg løysing.

§ 14. Oppretting av godt namn og rykte

Viss ein forskar som har vore under mistanke for brot på anerkjende forskningsetiske normer, men der saksutgreiinga eller Reielegheitsutvalet har kome til at det ikkje er grunnlag for mistanken, opplever å ha fått svekka sin posisjon, pliktar NHH/SNF å setja i verk rimelege tiltak for å retta oppatt forskarens gode namn og rykte internt og eksternt.